

# Prop. 13 S

(2017–2018)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2017 under Samferdselsdepartementet

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet 24. november 2017,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Innleiing

Samferdselsdepartementet foreslår i denne proposisjonen endringar i løvvingar mv. under programkategoriane 21.10 Administrasjon m.m., 21.20 Luftfartsformål, 21.30 Vegformål, 21.40 Særskilde transporttiltak, 21.50 Jernbaneformål og 22.10 Post og telekommunikasjonar.

### 2 Programkategori 21.10 Administrasjon m.m.

#### Kap. 1300 Samferdselsdepartementet

##### *Post 30 Miljø-/oljevernbase i Lofoten/Vesterålen*

For 2017 er det løvd 17 mill. kr til arbeidet med å etablere eit oljevern- og miljøsenter i Lofoten/Vesterålen. Behovet for kjøp av tenester har vist seg å bli lågare enn rekna med. Departementet foreslår derfor å redusere løvvinga på kap. 1300, post 30 Miljø-/oljevernbase i Lofoten/Vesterålen, med 10 mill. kr.

#### Kap. 5577 Sektoravgifter under Samferdselsdepartementet

##### *Post 74 Sektoravgifter Kystverket*

I samband med lønnsoppgjeret for 2017 blei Kystverket tildelt 3,9 mill. kr over kap. 1360, post 01 Driftsutgifter, for den delen av verksemda som er avgiftsfinansiert. Kap. 5577, post 74 Sektoravgifter Kystverket, må derfor aukast tilsvarende. Departementet foreslår å auke løvvinga på kap. 5577, post 74 Sektoravgifter Kystverket, med 3,9 mill. kr.

##### *Post 75 Sektoravgifter Nasjonal kommunikasjonsmyndighet*

I samband med lønnsoppgjeret for 2017 blei Nasjonal kommunikasjonsmyndighet tildelt 1,095 mill. kr over kap. 1380, post 01 Driftsutgifter. Etaten er i hovudsak sjølvfinansiert. Kap. 5577, post 75 Sektoravgifter Nasjonal kommunikasjonsmyndighet, må derfor aukast tilsvarende. Departementet foreslår å auke løvvinga på kap. 5577, post 75 Sektoravgifter Nasjonal kommunikasjonsmyndighet, med 1,095 mill. kr.

### 3 Programkategori 21.20 Luftfartsformål

---

#### Kap. 1310 Flytransport

##### *Post 70 Kjøp av innanlandske flyruter*

Løyvinga går til å finansiere drift av regionale flyruter innanlands. Departementet inngår fleirårige kontraktar for drift av rutene som blir tildelte etter konkurransen. I 2015 og 2016 gjennomførte departementet nye konkurransar der utgiftene til kjøp av flyruter blei reduserte. Det har samstundes vore noko uvisse knytt til reforhandlingar av kontraktane med flyselskapa etter innføringa av flypassasjeravgifta og endringar i andre avgifter. Departementet har no vurdert utgiftene til reforhandlingane å bli lågare enn først lagt til grunn.

Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1310, post 70 Kjøp av innanlandske flyruter, med 75 mill. kr.

#### Kap. 1314 Statens havarikommisjon for transport

##### *Post 01 Driftsutgifter*

Departementet foreslår å auke løyvinga til Statens havarikommisjon for transport for å dekke ekstraordinære utgifter i samband med undersøkinga av helikopterulykka nordaust for Kapp Heer ved Barentsburg på Svalbard 26. oktober 2017. Utgiftene til å berge helikopteret opp frå djupt vatn i arktisk strøk er høgare enn det som kan dekkast innanfor resterande del av løyvinga for 2017.

Samferdselsdepartementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 1314, post 01 Driftsutgifter, med 3,15 mill. kr.

Vinteren 2017 var prega av særleg mykje snø i fjellet, og det var ein uvanleg lang vinter. I Finnmark blei t.d. sesongen for brøyting avslutta først i starten av juni, og på grunn av sein snøsmelting blei det ståande mykje vatn langs vegane gjennom sommaren. Det har derfor blitt ekstra store kostnader for vinterdrifta. I tillegg har vatnet ført til skadar på vegnettet. Meirkostnadene utgjer om lag 20 mill. kr, og departementet foreslår derfor å auke post 23 med 20 mill. kr.

##### *Overføring av oppgåver til Jernbanedirektoratet*

Staten har no samla alle sine initiativ knytt til tenester innan rutedata, reiseplanlegging og elektronisk billettering i det statleg eigde selskapet Entur AS, jf. Prop. 122 S (2015–2016) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2016* og Innst. 400 S (2015–2016) og Prop. 126 S (2015–2016) *Nokre saker om luftfart, veg, særskilde transporttiltak og jernbane* og Innst. 406 S (2015–2016). Samferdselsdepartementet har òg kome til at direktoratsoppgåvene i samband med denne verksemda bør løysast av eitt direktorat. Ansvaret for oppgåvene er lagt til Jernbanedirektoratet frå og med 1. april 2017. Dette inneber at dei oppgåvene som Statens vegvesen tidlegare har utført når det gjeld reiseplanlegging og elektronisk billettering for all kollektivtrafikk, er overført til Jernbanedirektoratet. I samband med dette skal to årsverk overførast frå Statens vegvesen til Jernbanedirektoratet. Samferdselsdepartementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 1320 Statens vegvesen, post 23 Drift og vedlikehald av riksvegar, trafikant- og køyretøytilsyn m.m., med 1,1 mill. kr mot ein tilsvarande auke av kap. 1352 Jernbanedirektoratet, post 01 Driftsutgifter, jf. omtale under kap. 1352, post 01.

##### *Realistisk budsjettering av utgifter*

På grunn av endra inntektsoverslag på kap. 4320, post 01 Salsinntekter m.m. og post 02 Diverse gebyr, foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 1320, post 23, med 98,5 mill. kr, jf. omtale under kap. 4320, postane 01 og 02.

##### *Oppsummering*

Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1320, post 23 Drift og vedlikehald av riksvegar, trafikant- og køyretøytilsyn m.m., med i alt 132,4 mill. kr.

### 4 Programkategori 21.30 Vegformål

---

#### Kap. 1320 Statens vegvesen

##### *Post 23 Drift og vedlikehald av riksvegar, trafikant- og køyretøytilsyn m.m.*

##### *Flaum og ekstra kostnader til vinterdrift*

Flaumen i Agder-fylka i haust førte til større skadar på riksvegane i Aust-Agder og Vest-Agder. Meirkostnadene i 2017 utgjer om lag 15 mill. kr, og departementet foreslår derfor å auke post 23 med 15 mill. kr.

***Post 30 Riksveginvesteringar******Endra kostnadsramme for E6 Ekeberg- og Svartdalstunnelen***

Prosjektet er omtalt på side 121 i Prop. 1 S (2017–2018) med ei førebels kostnadsramme på 880 mill. 2018-kr og prognose for sluttkostnad på 800 mill. 2018-kr. Det går fram av omtalen at Samferdselsdepartementet på grunn av storleiken på prosjektet ville komme tilbake til Stortinget med endeleg kostnadsramme i nysalderinga av statsbudsjettet for 2017. Prosjektet hadde eit kostnadsoverslag på 590 mill. 2017-kr da det blei starta opp i 2017. Prosjektet har hatt vesentleg kostnadsauke etter at det blei tatt opp til løying. Kostnadsauken kjem i hovudsak av at overslaget som blei gjort i 2016, i for liten grad tok omsyn til den betydelege generelle uvissa som er knytt til å utbetre gamle tunnellar. Det er ikkje gjort endringar i prosjektet som isolert har auka kostnadene. Prosjektet har til no vore omfatta av fullmakta til å inngå forpliktingar for prosjekt under 500 mill. kr.

Det er inngått kontrakt for heile prosjektet. Uvissa i prosjektet er derfor lågare fordi marknadsvissa er fjerna. Erfaringane viser at det framleis vil vere uvisse knytt til kostnadene på slike tunneltiltak.

Samferdselsdepartementet foreslår ei kostnadsramme på 860 mill. kr og ei styringsramme på 780 mill. kr, jf. forslag til romartalsvedtak.

***Kap. 4320 Statens vegvesen******Post 01 Salsinntekter m.m.***

I 2017 er det budsjettet med salsinntekter m.m. på post 01 med 188,4 mill. kr. Prognosene viser at inntektene vil bli høgare enn budsjettet, m.a. på grunn av sal av personlege bilskilt og innbetalinger frå deltakrar i samarbeidsprosjekt. Departementet foreslår derfor å auke løvinga på kap. 4320, post 01 Salsinntekter m.m., med 21,6 mill. kr, jf. kap. 1320, post 23 Drift og vedlikehald av riksvegar, trafikant- og køyretøytillsyn, med forslag om tilsvarende auke av utgiftene.

***Post 02 Diverse gebyr***

I 2017 er det budsjettet med inntekter frå diverse gebyr på 423,1 mill. kr. Volum for tenestene med gebyr blir høgare enn det som var lagt til grunn i budsjettet for 2017, dvs. om lag på same nivå som i 2016. På denne bakgrunn foreslår departementet å auke løvinga på kap. 4320, post 02 Diverse gebyr, med 76,9 mill. kr, jf. kap. 1320, post 23 Drift

og vedlikehald av riksvegar, trafikant- og køyretøytillsyn m.m., med forslag om tilsvarende auke av utgiftene.

***Kap. 1323 Vegtilsynet******Post 01 Driftsutgifter***

Vegtilsynet blei oppretta som eigen etat i 2017. Det viser seg at tilsynet vil få lågare utgifter enn lagt til grunn, m.a. er det lågare lønsutgifter på grunn av permisjonar og ledige stillingar og mindre bruk av konsulenttenester. Departementet foreslår å redusere løysinga på kap. 1323, post 01 Driftsutgifter, med 1,5 mill. kr.

***Kap. 4322 Svinesundsforbindelsen AS******Post 90 Avdrag på lån***

I 2017 er det budsjettet med 190 mill. kr i avdrag på lånet til Svinesundsforbindelsen AS, men det er blitt betalt 195,9 mill. kr. Årsaka til auken er at det er meir innbetalt i bompengar enn budsjettet, og at renteutgiftene er blitt mykje lågare, jf. omtale under kap. 5624, post 80 Renter. Departementet foreslår derfor å auke løvinga på kap. 4322, post 90 Avdrag på lån, med 6 mill. kr.

***Kap. 5624 Renter av Svinesundsforbindelsen AS******Post 80 Renter***

Det er i 2017 budsjettet med 20 mill. kr i renter på lånet til Svinesundsforbindelsen AS. Fastrenteavtalane for låna blei avslutta høvesvis 31. desember 2016 og 30. juni 2017. Innbetalte renter for første halvår utgjer 4,9 mill. kr. For andre halvår er det venta om lag 1,7 mill. kr i renter, med ei rente på om lag 1 pst. Dette vil gi ei samla betaling på om lag 6,7 mill. kr. Departementet foreslår derfor å redusere løvinga på kap. 5624, post 80 Renter, med 13,3 mill. kr.

***5 Programkategori 21.40 Særskilde transporttiltak******Tilføyning av stikkord på kap. 1330, post 75***

I statsbudsjettet for 2017 er det oppretta ei tilskotsordning for reduserte bompengetakstar utanfor byområda på kap. 1330 Særskilde transporttiltak. Det er løvd 502,8 mill. kr på kap.

1330, post 75 Tilskot for reduserte bompengeretakstar utanfor byområda, i 2017.

Fristen for å søkje om å bli omfatta av ordninga var 1. april 2017. For nye bompengeselskap blei fristen utvida til 1. juni. Da fristen gjekk ut, var det berre to av dei 43 prosjekta som var aktuelle for ordninga, som ikkje hadde søkt om å bli med. Tilsegnsbrev blei sendt alle selskapa som søkte innan 1. juni.

Før tilskotet kan betalast ut må det, i samsvar med regelverket for tilskotsordninga, ligge føre eintydige vedtak frå aktuelle kommunar og fylkeskommunar om at prosjektet skal legge om til ny takst- og rabattstruktur i tråd med Prop. 1 S Tillegg 2 (2015–2016), vedtak frå eigarane i selskapet om at selskapet går inn i eitt av dei regionale bompengeselskapa og søknad frå bompengeselskapet om å sette ned takstane med minst 10 pst. Søknaden om takstendring må vere godkjend av lånegarantisten/lånegarantistane. Samferdselsdepartementet er kjend med at den lokalpolitiske handaminga av desse sakene kan ta tid. Det er derfor ein risiko for at nødvendig dokumentasjon vil mangle for nokre prosjekt ved fristen for utbetailingar for 2017. Dette vil berre vere eit problem i 2017 ved etableringa av tilskotsordninga.

For å sikre at dei som har fått tilsegn, men der det manglar dokumentasjon, får utbetaalt midlar foreslår departementet at stikkordet «kan overførast» blir føydd til kap. 1330, post 75 Tilskot for reduserte bompengeretakstar utanfor byområda, jf. forslag til romartalsvedtak.

## 6 Programkategori 21.50 Jernbaneformål

### Kap. 1352 Jernbanedirektoratet

#### *Post 01 Driftsutgifter*

##### *Overføring av oppgåver frå Statens vegvesen*

Staten har no samla alle sine initiativ knytt til tenester innan rutedata, reiseplanlegging og elektronisk billettering i det statleg eigde selskapet Entur AS. Ans�aret for direktoratsoppgåvene er lagt til Jernbanedirektoratet frå og med 1. april 2017, jf. omtale under kap. 1320 Statens vegvesen, post 23 Drift og vedlikehald av riksvegar, trafikant- og køyretøytilsyn m.m. Samferdselsdepartementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 1352, post 01 Driftsutgifter, med 1,1 mill. kr mot ein tilsvarande reduksjon av kap. 1320 Statens vegvesen, post 23, jf. omtale under kap. 1320, post 23.

#### *Realistisk budsjettering av utgifter*

På grunn av endra inntektsoverslag på kap. 4352, post 01 Innbetalingar til Norsk jernbaneskole og Norsk jernbanemuseum, foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 1352, post 01, med 64,8 mill. kr, jf. omtale under kap. 4352, post 01.

#### *Oppsummering*

Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1352, post 01 Driftsutgifter, med i alt 65,9 mill. kr.

#### *Post 71 Kjøp av infrastrukturtenester – drift og vedlikehald*

##### *Auka pensjonsutgifter for Bane NOR SF*

I samband med statsbudsjettet for 2018 har Statens pensjonskasse rekna på nytt Bane NOR SFs pensjonsutgifter i 2017 og 2018, jf. side 158 i Prop. 1 S (2017–2018) for Samferdselsdepartementet. Desse utgiftene går inn i grunnlaget for Jernbanedirektoratets kjøp av infrastrukturtenester innan drift og vedlikehald frå Bane NOR og er budsjettert på kap. 1352, post 71.

I saldert budsjett for 2017 er det sett av 255 mill. kr til pensjonsutgifter. Dei nye berekningane viser at samla pensjonspremie for Bane NOR SF, eksklusive ROM eiendom og medlemsdelen som ikkje rekna med, er 261,7 mill. kr. Jernbanedirektoratet skal òg dekke arbeidsgivaravgift på arbeidsgivar-delen av pensjonspremien, eksklusive ROM eiendom, som er rekna til 36,9 mill. kr i 2017. Det er ikkje sett av noko til denne arbeidsgivaravgifta på budsjettet for 2017. Samferdselsdepartementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 1352, post 71 Kjøp av infrastrukturtenester – drift og vedlikehald, med 43,6 mill. kr.

#### *Omdisponering til investeringar*

I 2016 blei fornying av jernbanen auka med om lag 750 mill. kr frå det som opphavleg var planlagt ved starten av året. Fleire investeringsprosjekt hadde lågare framdrift enn føresett. For m.a. å dekke inn utgiftene til den auka fornyinga blei det ved behandlinga av Prop. 31 S (2016–2017) *Endringar i statsbudsjettet 2016 under Samferdselsdepartementet*, jf. Innst. 129 S (2016–2017) omdisponert 592 mill. kr frå kap. 1350 Jernbaneverket, post 30 Investeringar i linja, til post 23 Drift og vedlikehald. Av dette skulle 475 mill. kr dekke utgiftene til den auka fornyinga.

Utgiftene til dei investeringsprosjekta som var forseinka i 2016, og som frå 2017 blir budsjettert på kap. 1352, post 73 Kjøp av infrastrukturtenester – investeringar, skal betalast i samsvar med framdrifta. I 2017 vil desse utgiftene utgjere 216 mill. kr, jf. òg side 161 i Prop. 1 S (2017–2018). Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyinga på kap. 1352, post 71 med 216 mill. kr, og auke løyinga på post 73 Kjøp av infrastrukturtenester – investeringar, tilsvarende.

### *Oppsummering*

Departementet foreslår å redusere løyinga på kap. 1352, post 71 Kjøp av infrastrukturtenester – Drift og vedlikehald, med i alt 172,4 mill. kr.

### *Post 73 Kjøp av infrastrukturtenester – investeringar*

#### *Omdisponering frå drift og vedlikehald*

Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyinga på kap. 1352, post 73 Kjøp av infrastrukturtenester – investeringar, med 216 mill. kr, og redusere løyinga på post 71 tilsvarende, for å dekke utgifter i 2017 for investeringsprosjekt som blei forseinka i 2016, jf. omtale under kap. 1352, post 71.

### *Kostnadsramme for IC-prosjektet Sandbukta-Moss-Såstad på Østfoldbanen*

I Prop. 1 S (2017–2018) foreslår regjeringa å sette av 745 mill. kr til eventuell oppstart av prosjektet Sandbukta-Moss-Såstad på Østfoldbanen i 2018, jf. side 169. Samferdselsdepartementet varsla samstundes at departementet ville komme tilbake til Stortinget med forslag om kostnadsramme før oppstart.

Prosjektet omfattar vel 10 km dobbeltspora jernbane, av dette om lag 5 km i tunnel og kulvert, dagsoner, ny stasjon i Moss, anlegg for vending av tog, og arbeid for å legge til rette for å kople til nytt hamnespor. Prosjektet går gjennom sentrum av Moss. Nye Moss stasjon skal ligge i dagen sør for noverande stasjon og dimensjone-rast for ni tog i timen (lokal-, region- og godstog). Utbygginga er ein vesentleg føresetnad for å kunne auke tilbodet på Østfoldbanen sør for Ski og er såleis ein premiss for å realisere potensialet for tilbodsforbetringar som det pågående Follo-baneprosjektet gir.

Prosjektet har vore til ekstern kvalitetssikring i regi av Bane NORs eiga ordning med kvalitets-sikring. Ekstern kvalitetssikrar tilrår ei kostnadsramme på 9 956 mill. kr, med ei styringsramme på

9 130 mill. kr. I etterkant av den eksterne kvalitets-sikringa har Jernbanedirektoratet og Bane NOR gått gjennom prosjektet for å identifisere ytterlegare innsparinger. Jernbanedirektoratet har foreslått at inntekter knytt til sal av eigedom og lågare kostnader knytt til støyskjerming på grunn av at ein legg til grunn meir støysvake godstog mv. kommer til fråtrekk frå kostnadsoverslaget for prosjektet. Vidare foreslår Jernbanedirektoratet at utgifter til buss for tog ikkje inngår i styrings- og kostnadsrammene, da dette er ein del av avtalen om drift og vedlikehald mellom Jernbanedirektoratet og Bane NOR. Samla er da styrings- og kostnadsramma redusert med 454 mill. kr. Regjeringa foreslår derfor at prosjektet startar opp i 2018 innanfor ei styringsramme på 8 676 mill. kr og ei kostnadsramme på 9 502 mill. kr, jf. forslag til romartalsvedtak.

Reguleringsplanen blei lagt ut for offentleg ettersyn våren 2016 og blei vedteke i Rygge og Moss kommunar i høvesvis september 2016 og november 2016. Reguleringsplanen i Moss blei endeleg fastsett i februar 2017.

I 2018 blir det gjennomført førebuande anleggsarbeid og grunnerverv i tillegg til at det blir inngått kontraktar for hovudarbeida. Hovudarbeidet startar etter planen tidleg i 2019, med sikte på at nye spor kan takast i bruk i desember 2024.

### *Kostnadsramme for IC-prosjektet Venjar-Eidsvoll-Langset på Dovrebanen*

I Prop. 1 S (2017–2018) foreslo regjeringa å sette av 350 mill. kr til eventuell anleggsstart for prosjektet Venjar-Eidsvoll-Langset på Dovrebanen i 2018, jf. side 168. Samferdselsdepartementet varsla samstundes at departementet ville komme tilbake til Stortinget med forslag om kostnadsramme før oppstart.

Prosjektet omfattar bygging til dobbeltspor gjennom å etablere eit nytt enkeltspor langs det eksisterande enkeltsporet på Gardermobanen mellom Venjar og Eidsvoll, jernbanetekniske tilpassingar på Eidsvoll stasjon og etablere nytt dobbeltspor på Dovrebanen mellom Eidsvoll og Langset. Ved Langset vil dobbeltporet bli knytt saman med dobbeltporstrekninga Langset-Kleverud. Prosjektet omfattar ein tunnel ved Eidsvoll prestegard, ei lengre bru over Minnevika og ordinære dagstrekningar på fylling eller i skjering. I tillegg inkluderer prosjektet fleire over- og undergangskonstruksjonar og vegar. Samla strekningslengd for prosjektet er om lag 13 km, og dimensjone-rande fart er 200 km/t.

Prosjektet har vore til ekstern kvalitetssikring i regi av Bane NORs eiga ordning med kvalitets-sikring. Ekstern kvalitetssikrar tilrår ei kostnadsramme på 6 700 mill.kr, med ei styringsramme på 5 610 mill.kr. I etterkant av den eksterne kvalitets-sikringa har Jernbanedirektoratet og Bane NOR gått gjennom prosjektet for å identifisere ytterlegare innsparinger. Dei har funne moglege innsparinger knytt til forsikring på om lag 30 mill. kr som er trekt frå kostnadsramma og ytterlegare andre mindre innsparinger på 13 mill. kr som er trekt frå styringsramma. Jernbanedirektoratet har foreslått at utgifter på 100 mill. kr til buss for tog ikkje inn-går i styrings- og kostnadsrammene fordi dette er ein del av avtalen om drift og vedlikehald mellom Jernbanedirektoratet og Bane NOR. Samla er da styringsramma redusert med 143 mill. kr og kostnadsramma med 130 mill. kr. Regjeringa foreslår derfor at prosjektet startar opp i 2018 innanfor ei styringsramme på 5 467 mill. kr og ei kostnadsramme på 6 570 mill. kr, jf. forslag til romartalsvedtak.

Reguleringsplan for strekninga Venjar-Eidsvoll blei vedteke i september 2016 og for strekninga Eidsvoll-Langset i oktober 2016.

I 2018 blir førebuande arbeid og grunneverv vidareført. Kontrahering av leverandørar for hovudarbeida er planlagt gjennomført i 2018. Anleggsarbeidet for hovudarbeida startar etter planen ved årsskiftet 2018/2019. Departementet legg til grunn at strekninga kan takast i bruk i desember 2023. Alle arbeid er venta avslutta i 2024.

#### *Post 76 Meirverdiavgift på kjøp av infrastrukturtenester*

Etter vurdering frå Sentralskattekontoret for storbedrifter er det avklart at Jernbanedirektoratets kjøp av infrastrukturtenester frå Bane NOR ikkje er meirverdiavgiftspliktig omsetning, jf. også omtale i Prop. 1 S (2017–2018) for Samferdselsdepartementet. Samferdselsdepartementet foreslår derfor at løyvinga i 2017 utgår, dvs. redusere løyvinga på kap. 1352, post 76 Meirverdiavgift på kjøp av infrastrukturtenester, med 4 406,3 mill. kr.

#### **Kap. 4352 Jernbanedirektoratet**

##### *Post 01 Innbetalingar til Norsk jernbaneskole og Norsk jernbanemuseum*

Frå og med 2017 skal Bane NOR SF betale Jernbanedirektoratet for kurs som blir halde ved Norsk jernbaneskole. Før gjennomføringa av jernbanere-

forma var dette interne aktivitetar i Jernbaneverket. I saldert budsjett 2017 er det løyvd 31 mill. kr. Siste prognose viser at inntektene vil bli 95,8 mill. kr i 2018. Inntektene har ei tilsvarende utgiftsside.

Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 4352, post 01 Innbetalingar til Norsk jernbaneskole og Norsk jernbanemuseum, med 64,8 mill. kr, jf. kap. 1352, post 01 Driftsutgifter.

#### **Kap. 1356 Bane NOR SF**

##### *Post 86 Driftskreditt*

Jernbanereforma legg opp til at Bane NOR SF skal kunne drive effektivt innanfor rammene som er sette av Stortinget. I Meld. St. 27 (2014–2015) *På rett spor* blei det vist til behovet for ei driftskredittordning for rask og fleksibel tilgang på ekstra likviditet ved ekstraordinære situasjonar som t.d. ulykker, skred og flaum. Bane NOR SF har også ei omfattande verksemd der tidsforskuingar i inn- og utbetalingar kan gi variasjonar i likviditet. Til gjengeleg likviditet blir lågare enn tidlegare lagt til grunn, fordi statens kjøp av infrastrukturtenester frå Bane NOR SF likevel ikkje er meirverdiavgiftspliktige, jf. omtale under kap. 1352, post 76 Meirverdiavgift på kjøp av infrastrukturtenester. Ei ordning med driftskreditt legg til rette for at føretaket har betre føresetnader til å drive den samla verksemda si effektivt utan at likviditeten hindrar rasjonelle eller akutte tiltak.

Driftskreditten er eit kortsiktig lån med løpetid på inntil 12 månader som skal gi føretaket likviditet til å handtere tidsforskuingar i inn- og utbetalingar og uføreseielege utgifter. Driftskredittordninga er utforma etter den lånenmodellen som er nytta for dei regionale helseføretaka. Driftskreditten blir sett på ein ikkje-renteberande konto i Noregs Bank til det er bruk for den. Samferdselsdepartementet utarbeider nærmare retningslinjer for forvaltninga av kreditten, m.a. låneavtalar og låne-/rentevilkår.

Departementet foreslår på denne bakgrunn å løyve 500 mill. kr til ei driftskredittordning for Bane NOR SF på kap. 1356, post 86.

#### **Andre saker**

##### *Oppgjer av Jernbaneverkets mellomvere med statskassa*

Jernbaneverkets verksemd blei frå 1. januar 2017 overført til Bane NOR SF og Jernbanedirektoratet. I samband med denne overføringa og avviklinga av forvaltningsorganet skulle Jernbaneverkets mellomvere med statskassa gjerast opp, m.a. betalt

meirverdiavgift for varer og tenester for siste termin i 2016 og som ved årsskiftet enno ikkje var refundert frå skattestyrresmaktene. Refusjonen på om lag 997,8 mill. kr blei i 2017 utbetalt til Bane NOR SF. Føretaket blei sett opp med for mykje eigenkapital. Jernbaneverkets mellomvere med statskassa (gjeld) er gjort opp i 2017 ved å halde tilbake 997,8 mill. kr av løyvingane i 2017 til Bane NOR SF. Føretaket kan bruke av eigenkapitalen for å dekke aktivitet som svarar til dette beløpet, slik at aktivitetsnivået i jernbanesektoren ikkje blir påverka av denne løysinga. Feilen vil formelt bli korrigert i 2018 ved å sette ned kapitalen i samband med føretaksmøtet i Bane NOR SF.

## 7 Post- og telekommunikasjonar

### Kap. 1370 Posttenester

#### *Post 70 Kjøp av post- og banktenester*

I ein stadig meir konkurranseutsett postmarknad blir statleg kjøp av posttenester brukt for å sikre posttenester som leveringspliktig tilbydar ikkje ville levert basert på forretningsmessige omsyn.

Opphavleg løyving i 2017 på 177 mill. kr til Posten Norge AS (Posten) har bidrge til postomdeling fem dagar i veka i heile landet, gratis framsending av blindeskriftsendigar og grunnleggjande banktenester i landpostnettet.

Posten er pålagd å oppretthalde to adresserte brevstraumar fram til 1. januar 2018. Nye berekingar viser at Posten vil ha meirkostnader knytt til denne plikta estimert til 180 mill. kr i 2017.

Samferdselsdepartementet foreslår derfor å løyve 180 mill. kr til Posten for plikta til å oppretthalde to brevstraumar i 2017.

### Kap. 4370 Posttenester

#### *Post 70 Tilbakebetaling post- og banktenester*

I 2016 blei det løyvd i alt 403 mill. kr på kap. 1370 Posttenester, post 70 Kjøp av post- og banktenester. Det er lagt til grunn ein etterrekningsmodell som over tid vil sikre at det ikkje blir løyvd meir enn det faktiske behovet. Etterrekning i tråd med modellen viser eit faktisk behov i 2016 til dei tenestene som det blei løyvd midlar til, på 327 mill. kr. Dette er 76 mill. kr mindre enn det som blei løyvd i 2016.

Departementet legg opp til at Posten Norge AS betalar rente på det beløpet som selskapet skal betale tilbake, jf. praksis frå tidlegare år. Renta er

rekna til 1,3 mill. kr. Dette inneber at Posten skal betale i alt 77,3 mill. kr.

Samferdselsdepartementet foreslår derfor å løyve 77,3 mill. kr på kap. 4370, post 70 Tilbakebetaling post- og banktenester.

### Kap. 1380 Nasjonal kommunikasjonsmyndighet

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1380, post 01 Driftsutgifter, med 1 mill. kr til å evaluere den statlege tilskotsordninga for breibandsutbygging, jf. omtale under kap. 1380, post 71 Tilskot til breibandsutbygging. Midlane inngår ikkje i sjølvfinansieringsordninga for Nasjonal kommunikasjonsmyndighet.

#### *Post 70 Tilskot til telesikkerheit og -beredskap*

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet inngår avtalar om sikkerheits- og beredskapstiltak med tilbydarar av ekomnett og -tenester. Avtalane gjeld tiltak utover det som kan påleggast tilbydarane med heimel i ekomloven utan kompensasjon frå staten.

Sentralskattekontoret for storbedrifter har fatta vedtak om at kompensasjon til Telenor Norge AS for pålagde tiltak etter ekomloven § 2-10 andre ledd er å sjå på som meirverdiavgiftspliktig omsetning.

I samband med behandlinga av Prop. 129 S (2016–2017) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2017*, jf. Innst. 401 S (2016–2017), blei løyvinga på posten auka med 76,5 mill. kr for å kompensere for meirverdiavgift.

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet har òg utbetalat ytterlegare krav på til saman 5,4 mill. kr til Telenor, som har dekt meirverdiavgift på tilskot for 2.-4. termin 2016 (4,1 mill. kr) og rentenota (1,3 mill. kr). Rentenotaen kjem av at tidlegare krav blei betalt for seint sidan det ikkje var midlar til dette på posten før tilleggslovinga var vedteke.

Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1380, post 70 Tilskot til telesikkerheit og -beredskap, med 5,4 mill. kr til kompensasjon for meirverdiavgift.

#### *Post 71 Tilskot til breibandsutbygging*

EFTAs overvakingsorgan (ESA) har pålagt Noreg å evaluere den statlege tilskotsordninga for breibandsutbygging. Sluttrapport er sendt ESA. Nasjonal kommunikasjonsmyndighets utgifter til

dette er 1 mill. kr i 2017. Det skal ikkje førast administrasjonskostnader på ein tilskotspost. Samferdselsdepartementet foreslår å dekke utgifte til evalueringa ved å redusere løyinga på kap. 1380, post 71 Tilskot til breibandsutbygging, med 1 mill. kr, mot ein tilsvarende auke på 1 mill. kr på kap. 1380, post 01 Driftsutgifter.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2017 under Samferdselsdepartementet.

---

**Vi HARALD,** Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjøre vedtak om endringar i statsbudsjettet 2017 under Samferdselsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

**Forslag**

**til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2017 under  
Samferdselsdepartementet**

## I

I statsbudsjettet for 2017 blir det gjort følgjande endringar:

## Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1300		Samferdselsdepartementet	
	30	Miljø-/oljevernbase i Lofoten/Vesterålen, blir redusert med ..... frå kr 17 000 000 til kr 7 000 000	10 000 000
1310		Flytransport	
	70	Kjøp av innanlandske flyruter, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1311, post 71</i> , blir redusert med ..... frå kr 765 400 000 til kr 690 400 000	75 000 000
1314		Statens havarikommisjon for transport	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 72 334 000 til kr 75 484 000	3 150 000
1320		Statens vegvesen	
	23	Drift og vedlikehald av riksvegar, trafikant- og køyretøytilsyn m.m., <i>kan overførast, kan nyttast under post 29, post 30, post 31 og post 72</i> , blir auka med ..... frå kr 11 467 894 000 til kr 11 600 294 000	132 400 000
1323		Vegtilsynet	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr 20 831 000 til kr 19 331 000	1 500 000
1352		Jernbanedirektoratet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 370 879 000 til kr 436 779 000	65 900 000
	71	Kjøp av infrastrukturtenester – drift og vedlikehald, <i>kan overførast, kan nyttast under post 72, post 73 og post 74</i> , blir redusert med ..... frå kr 7 121 899 000 til kr 6 949 499 000	172 400 000
	73	Kjøp av infrastrukturtenester – investeringar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 71, post 72 og post 74</i> , blir auka med ..... frå kr 2 477 300 000 til kr 2 693 300 000	216 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	76	Meirverdiavgift på kjøp av infrastrukturtenester, <i>kan overførast, kan nyttast under post 71, post 72, post 73 og post 75</i> , blir redusert med ....	4 406 300 000 frå kr 4 406 300 000 til kr 0
1356		Bane NOR SF	
(NY)	86	Driftskreditt, blir løyvd med .....	500 000 000
1370		Posttenester	
	70	Kjøp av post- og banktenester, blir auka med .....	180 000 000 frå kr 273 700 000 til kr 453 700 000
1380		Nasjonal kommunikasjonsmyndighet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med .....	1 000 000 frå kr 195 995 000 til kr 196 995 000
	70	Tilskot til telesikkerheit og -beredskap, <i>kan overførast</i> , blir auka med... frå kr 156 700 000 til kr 162 100 000	5 400 000
	71	Tilskot til breibandsutbygging, <i>kan overførast</i> , blir redusert med..... frå kr 138 700 000 til kr 137 700 000	1 000 000

## Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4320		Statens vegvesen	
	01	Salsinntekter m.m., blir auka med .....	21 600 000 frå kr 188 400 000 til kr 210 000 000
	02	Diverse gebyr, blir auka med .....	76 900 000 frå kr 423 128 000 til kr 500 028 000
4322		Svinesundsforbindelsen AS	
	90	Avdrag på lån, blir auka med .....	6 000 000 frå kr 190 000 000 til kr 196 000 000
4352		Jernbanedirektoratet	
	01	Innbetalingar til Norsk jernbaneskole og Norsk jernbanemuseum, blir auka med .....	64 800 000 frå kr 31 000 000 til kr 95 800 000
4370 (NY)		Posttenester	
	70	Tilbakebetaling post- og banktenester, blir løyvd med.....	77 300 000
5577		Sektoravgifter under Samferdselsdepartementet	
	74	Sektoravgifter Kystverket, blir auka med .....	3 900 000 frå kr 783 700 000 til kr 787 600 000
	75	Sektoravgifter Nasjonal kommunikasjonsmyndighet, blir auka med .... frå kr 196 200 000 til kr 197 295 000	1 095 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
5624		Renter av Svinesundsforbindelsen AS	
80		Renter, blir redusert med ..... frå kr 20 000 000 til kr 6 700 000	13 300 000

*Fullmakter til å forplikte staten utover gitte løyvingar*

II

Fullmakter til å forplikte staten for investeringsprosjekt

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet i 2017 kan:

1.

starte opp desse investeringsprosjekta:	innanfor ei kostnadsramme på:
Sandbukta-Moss-Såstad	9 502 mill. kr
Venjar-Eidsvoll-Langset	6 570 mill. kr

Fullmaktene gjeld øg forpliktingar som blir inngåtte i seinare budsjettår, innanfor kostnadsramma for det enkelte prosjekt. Samfer-

selsdepartementet blir gitt fullmakt til å prisjustere kostnadsramma i seinare år.

2.

gjennomføre dette prosjektet:	innanfor ei kostnadsramme på:
E6 Ekeberg- og Svartdalstunnelane	860 mill. kr

Fullmakta gjeld øg forpliktingar som blir inngåtte i seinare budsjettår, innanfor kostnadsramma for prosjektet. Samferdsels-

departementet blir gitt fullmakt til å prisjustere kostnadsramma i seinare år.

*Andre fullmakter*

III

Tilføying av stikkord

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet i 2017 kan føye til stikkordet «kan overførast» på kap. 1330 Særskilde transporttiltak,

post 75 Tilskot for reduserte bompengetakstar utanfor byområda.





07 Xpress AS